



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Avdeling for areal og transport

200802360-27 KSK/OEGR
200707558-36
312

Norges Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Ref. 200802360-16

Vår ref. 14/2581-2
S11/LTOR

Dato 09.09.2014

Svar - Søknader om løyve til å bygge to små kraftverk - Lårdalsåi kraftverk - Lårdal kraftverk - høring

Vi viser til oversending frå NVE dagsett 15.07.2014 der fylkeskommunen er førespurt om å gje førehandsfråsegn i samband med to søknader om løyve til å byggje to småkraftverk i Tokke kommune.

Søknadane handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova.

Vi har følgjande vurderingar av tiltaka vurdert opp mot sektorlovgjevinga og opp mot kjente allmenne interesser som kan bli råka:

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Vi har ikkje opplysningar i arkiva våre om automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, slik det fremstår av vedlagt kart. Det er likevel i umiddelbar nærleik funne fleire gravhaugar og løsfunn som vitnar om bruk av området i forhistorisk tid. Kunnskapen vår om kulturminne i nærområdet og dessutan ei vurdering av landskap og terreng, tilseier likevel at slike kan vere bevarte. I medhald av kulturminnelova § 9 må vi difor utføre ei arkeologisk registrering før vi kan gje endeleg uttale til planen (jf. kulturminnelova §§ 3 og 8). Registreringa vil bli utført ved visuell overflaterregistrering, prøvestikk med spade og maskinell sjakting. Du kan lese meir om metodane på: <http://www.telemark.no/Vaare-tjenester/Kulturminner/Arkeologi/Arkeologisk-feltarbeid>.

Arkeologiske registreringar kan berre utførast på bar og frostfri mark. Den arkeologiske feltsesongen i eit normalår er frå midten av april til november.

Vi viser til kulturminnelova § 9 om undersøkingsplikta av offentlege og større private tiltak og til § 10 om at utgifter til særskilt gransking må dekkast av tiltakshavar. Eit dagsverk er på 7,5 timar og timesatsen er frå 1.1.2014 kr 925,-.

Omfanget av undersøkinga kan ikkje fastsatt med bakgrunn i det kartet som følgjer søknaden. Vi må difor be om å få tilsendt betre kartgrunnlag der alle tiltak er avtegna, før vi kan setje opp eit budsjett for undersøkingane.

Registreringar med heimel i kulturminnelova § 9, og er ikkje å anse som einskildvedtak etter forvaltningslova.

Vi ber om at tiltakshavar tek kontakt med rådgivar Sindre Arnkværn (sindre.arnkværn@t-fk.no) 35 91 72 52 for avtaler om det vidare arbeidet i tilhøve til automatisk freda kulturminne. Det må reknast ventetid for å få gjennomført arkeologisk feltarbeid.

Om det viser seg at det er konflikt mellom eit automatisk freda kulturminne og tiltaket, må det søkjast om dispensasjon frå kulturminnelova. Søknaden blir utarbeidd av fylkeskommunen og sendt til Riksantikvaren for vurdering. For at Riksantikvaren skal ha tid til å handsame søknaden har det regionale kulturminnevernet rett til tre månader uttalefrist, i medhald av kulturminnelova § 9 andre ledd. Fristen kan om naudsynt forlengast ytterlegare. Om Riksantikvaren innvilgar dispensasjon, vil det vanlegvis stillast vilkår om ein arkeologisk utgraving før tiltaket blir realisert. Utgifter til ei slik utgraving må berast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10. For meir informasjon viser vi til våre nettsider (<http://www.telemark.no/kulturminne>) og heimesidene til Riksantikvaren (<http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Veiledning/>).

Vi gjer også merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det blir oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjent på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikre seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje blir skada. Telemark fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding. Om det blir påvist automatisk freda kulturminne er det Riksantikvaren som avgjer om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det.

Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan virke inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røre kulturminnet. Kulturminnemyndighetene avgjer snarast mogleg – og seinst innan 3 veker – om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminneloven § 8 andre ledd).

Forelopig innspel

Det regionale kulturminnevernet har ingen innvendingar til at konsesjonsarbeidet blir sett i gang. Det er likevel uavklart om tiltaka er i konflikt med regionale og/eller nasjonale arealbruksinteresser (fortrinnsvis automatisk freda kulturminne). Telemark fylkeskommune vil av den grunn ikkje gje endeleg uttale før undersøkingane etter kulturminnelova § 9 er oppfylt, dvs. at dei varsla undersøkingane er gjennomført for både Lårdalåi kraftverk og Lårdal kraftverk.

Omsyn til friluftslivinteresser

Det er ikkje registrert at området har spesielle kvalitetar mtp friluftsliv, eller at det er stateleg sikra friluftsområder som blir råka.

Terrenginngrepa vil ikkje være av ein slik karakter at det vil minske natur/friluftslivkvalitetane. Vi ser det slik at tiltaka isolert sett ikkje vil komme i særleg stor konflikt med friluftslivinteressene.

Det er viktig at terrenginngrep gjerast så skånsomt som mogleg og at ein legg til rette for fortsatt ferdsle og friluftsliv etter anleggsperioden.

Omsyn til vatnmiljø

Lokale innlandsfiskearter og andre vatn-levande organismar kan påverkast negativt med tiltaket. Vi ser det likevel slik at tiltaket ikkje vil ha for stor negativ innverknad på dei regionale interessene.

Med helsing



Torbjørn Landmark

rådgjevar - Avdeling for areal og transport

torbjorn.landmark@t-fk.no

Sakshandsamarar: Ole Bjørn Bårnes, Torbjørn Landmark, Sindre Arnkværn

Kopi: Fylkesmannen i Telemark, Mva. Postboks 2603, 3702 Skien.